



VAL

INFORMASJON

# Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2011

Viktig informasjon til deg som skal røyste



**Røyste via Internett?** side 7–9



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

## Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2011

**Kommunestyret** er det høgaste organet i kommunen. Her blir det teke overordna avgjerder i lokale saker som barnehagar, barnevern, grunnskule, helse- og omsorgstenester, kulturtiltak og renovasjon.

**Fylkestinget** er det høgaste organet i fylkeskommunen. Fylkestinget tek overordna avgjerder om mellom anna vidaregåande opplæring, fylkesvegar med tilhøyrande ferjestrekningar, lokal kollektivtransport og kulturtiltak.

I Oslo er det bydelsval, men ikkje fylkestingsval.

Det er dei lokale sakene som påverkar kvardagen din mest. Når du røystar, er du med og bestemmer kven som skal representere deg og dine interesser.

I denne brosjyren får du informasjon om korleis du går fram.

## Valdagen er måndag 12. september 2011.

Mange kommunar held òg val søndag 11. september. Kommunen informerer om det er val ein eller to dagar.

### Hugs legitimasjon når du røystar!

Vallova krev at ein veljar som er ukjend for røystemottakaren, skal legitimere seg. Legitimasjon kan vere pass, førarkort eller bankkort med bilete, men du kan òg bruke annan legitimasjon. Kravet til legitimasjon er at han inneheld namnet på veljaren, fødselsdato og bilete.

Dersom du oppheld deg på ein institusjon som til dømes sjukeheim, sjukehus eller fengsel, kan du få ein tilsett ved institusjonen til å bekrefte identiteten din.

### Alle veljarar får tilsendt valkort

På valkortet finn du informasjon om kvar og når du kan røyste på valdagen. Du treng ikkje valkortet for å røyste, men det sparar deg for tid. Valkortet gjeld ikkje som legitimasjon.

## Kven kan røyste?

- Norske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av 2011 og som er, eller har vore, registrerte som busette i Noreg.
- Statsborgarar i andre nordiske land som har fylt 18 år innan utgangen av 2011, og som har vore registrerte som busette i Noreg seinast 30. juni 2011.
- Andre utanlandske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av 2011, og som har vore registrerte som busette i Noreg samanhengande dei tre siste åra før valdagen.

## Når og kvar kan du røyste?

**På valdagen** må du røyste i kommunen du er registrert busett i per 30. juni 2011. Du kan røyste i kva vallokale som helst i kommunen. Sjå illustrasjonane på neste side som viser korleis du røystar på valdagen.

**Røyste på førehand** kan du gjere fram til og med fredag 9. september i kva kommune som helst. Du røystar da på ein litt annan måte enn om du røystar på sjølve valdagen.

Slik røystar du på førehand:

1. Vend deg til ein valfunksjonær som gjev deg ein røystesetelkonvolutt og viser deg til eit valavlukke.
2. Ta røystesetlane du vil bruke: ein for kommunestyrevalet og ein for fylkestingsvalet.
3. Gjer eventuelle endringar på røystesetlane.
4. Legg røystesetlane i røystesetelkonvolutten. Gå til valfunksjonæren som legg røystesetelkonvolutten og valkortet ditt ned i ein omslagskonvolutt, som deretter blir lagd i valurna. Røysta blir send til heimkommunen din for å bli tald opp. Røystesetlane skal ikkje stemplast når du røystar på førehand.


Røystar du utanfor din eigen kommune, må du anten bruke generelle røystesetlar som du får utdelt, eller sjølv ha med røystesetlar frå kommunen din. Den generelle røystesetelen inneheld ikkje kandidatnamn, berre partinamn. Dersom du ønskjer å gi personrøyster til kandidatar, må du derfor sjølv skaffe røystesetlar frå din eigen kommune. Det same gjeld dersom du røystar utanfor fylket ditt.

Er du sjuk eller ufør, kan du søkje kommunen om å få førehandsrøyste heime. Kommunen informerer om når og kvar du kan røyste.


## Korleis røystar du på valdagen?




1) Ta røystesetlane du vil bruke: ein for kommunestyrevalet og en for fylkestingsvalet.




2) Gjer eventuelle endringar på røystesetlane (sjå rettleiing neste side).



3) Brett kvar av røystesetlane med partinamnet inn og feltet for stempeling ut – da kan ingen sjå kva du røystar. Det skal ikkje vere konvolutt eller anna omslag rundt røystesetlane.



4) Gå til ein valfunksjonær og få eit stempel på utsida av røystesetlane. Begge røystesetlane må ha stempel for å bli godkjende!




5) Legg dei stempla røystesetlane i valurna.

## Korleis endrar du på røystesetelen?


Dersom du ønskjer å vere med og påverke kva kandidatane som blir valde, må du gje personrøyst til desse kandidatane. Det er opp til deg om du vil endre på røystesetelen ved å gje personrøyst.

### Slik gjev du personrøyst:




#### Ved kommunestyrevalet:

- Sett eit kryss i ruta ved namnet til kandidatane du vil røyste på. Du kan gje personrøyst til så mange kandidatane du vil.



- Skriv kandidatnamn frå andre parti/grupper i eit eige felt på røystesetelen. Kor mange kandidatnamn du kan føre opp, står på røystesetelen.

Ver merksam på at dersom du gjev personrøyst til kandidatane frå andre parti/grupper, vil ein del av røysta di bli overført til det andre partiet/gruppa. Verdien av røysta di for det partiet/gruppa du røystar på, blir tilsvarende redusert.



#### Ved fylkestingsvalet:

- Sett eit kryss i ruta ved namnet til kandidatane du vil røyste på. Du kan gje personrøyst til så mange kandidatane du vil.

Ikkje ver redd for å gjere endringar. Framgangsmåten står på røystesetelen. Røysta di blir ikkje forkasta sjølv om du gjer feil!

## Kven blir valde?


Først finn valstyret ut kor mange representantar dei ulike partia eller gruppene får i kommunestyret eller fylkestinget. Deretter tel valstyret opp personrøystene for å finne ut kva for kandidatar som blir valde frå kvart parti eller gruppe.

## To forsøk i 2011

I 20 kommunar kan 16- og 17-åringane røyste ved kommunestyrevalet. Dette er kommunane Austevoll, Gjesdal, Grimstad, Hamar, Hammerfest, Kautokeino, Kåfjord, Luster, Lørenskog, Mandal, Marker, Namdalseid, Osen, Porsgrunn, Re, Sigdal, Stavanger, Tysfjord, Vågå og Ålesund.

I 10 kommunar kan veljarane røyste via Internett ved kommunestyrevalet og fylkestingsvalet. Dette er kommunane Bodø, Bremanger, Hammerfest, Mandal, Radøy, Re, Sandnes, Tynset, Vefsn og Ålesund.

Du finn meir informasjon på [www.valg.no](http://www.valg.no)



## Røyste via Internett

I 2011 blir det for første gong i Noreg gjennomført forsøk med røystegjeving via Internett ved kommunestyre- og fylkestingsvalet. Bor du i Bodø, Bremanger, Hammerfest, Mandal, Radøy, Re, Sandnes, Tynset, Vefsn eller Ålesund, kan du røyste via Internett.

## Kva treng eg for å røyste via Internett?


1. Ei datamaskin som er kopla til Internett
2. Ein mobiltelefon
3. Å vere brukar av MinID og ha registrert ditt mobiltelefonnummer der

Dersom du ikkje har brukt **MinID** tidlegare, **må** du registrere deg før du kan røyste via Internett. Mobiltelefonnummeret ditt må vere registrert i MinID. Gå til [www.minid.difi.no](http://www.minid.difi.no) for å registrere deg som ny brukar eller oppdatere nummeret til din mobiltelefon.


## Korleis røystar eg?



1. Gå inn på **eval.stat.no**



2. Gje di røyst.



3. Kontroller at returkoden du får er den same som på valkortet

For at du skal vite at røysta di er komen fram og registrert riktig, vil du få ein returkode på tekstmelding (SMS) etter at du har røysta. Denne returkoden kan samanliknast med kodar på valkortet, som du har fått tilsendt i posten. Dersom returkoden ikkje er i samsvar med koden på valkortet ditt, er det viktig at du straks varslar **brukarstøtte på telefon 800 38 254**.

## **Kven kan røyste via Internett?**

Alle som har røysterett i ein av forsøkskommunane, kan røyste via Internett. Dette gjeld òg for 16- og 17-åringane i kommunane Hammerfest, Mandal, Re og Ålesund.

## **Når kan eg røyste via Internett?**

Frå 10. august kl. 09.00 til og med fredag 9. september 2011 kl. 23.59.

Det er ikkje mogleg å røyste via Internett på valdagen. Da kan du berre røyste med papirrøystesetel i vallokalet.

## **Må eg røyste via Internett?**

Nei, du bestemmer sjølv om du vil røyste via Internett eller med papirrøystesetel i vallokalet.

## **Kan eg røyste fleire gonger?**

Med papirrøystesetel i vallokalet kan du røyste berre éin gong. Ei røyst gjeve i vallokalet vil annullere internettrøyster og vil alltid vere den som vert tald.

På Internett kan du røyste så mange gonger du vil. Dersom du berre røystar via Internett, er det den siste røysta som blir gjeldande.

## Er det trygt å røyste via Internett?

Kommunal- og regionaldepartementet nyttar dei best tilgjengelege sikkerheitsløysingane for å sikre at di røyst blir registrert og tald riktig. Hugs at du alltid skal få returkode på SMS. Denne bør du kontrollere mot kodane på valkortet ditt, for å forsikre deg om at røysta di har kome fram riktig.

To generelle sikkerheitstips på Internett er:

- Skriv alltid inn nettadressa til viktige nettstader sjølv – ikkje følg lenkjer frå e-post, Facebook eller liknande.
- Logg deg alltid av nettenesta når du er ferdig.

**Ved val skal alle få røyste på det partiet eller den gruppa dei sjølv ønskjer. Pass derfor på at du er åleine når du røystar, og at ingen andre ser kva du røystar på. Hugs at du når som helst kan røyste på nytt, både i perioden for førehandsrøysting og på valdagen. På valdagen må du gå i eit vallokale og røyste der.**

# Informasjon om valet for framandspråklege

(Engelsk, serbisk-bosnisk-kroatisk, somali, vietnamesisk, tyrkisk, russisk, polsk, arabisk, persisk (farsi), urdu)

English

1. You may have the right to vote in municipal and county council elections even if you are not a Norwegian citizen. Citizens of foreign countries who were born prior to 1 January 1994 have the right to vote if they have been registered as resident in Norway continuously for the three years preceding election day.
2. Election day is 12 September. There are also elections on 11 September in many municipalities.
3. All voters will be sent a polling card providing information on where and when they can vote.
4. On election day you must vote in the municipality in which you are registered as resident as of 30 June 2011.
5. You can vote in advance in any municipality up to and including 9 September.
6. For more information, please see [www.valg.no](http://www.valg.no) or contact your municipality for information in your language.
7. Remember to take ID!
8. Anyone who is entitled to vote in one of the trial municipalities can vote online on [evalg.stat.no](http://evalg.stat.no). You must be a registered MinID user and you must have registered your mobile phone number there.

Srpski-hrvatski-bosanski

1. Možete imati pravo glasa na izborima za Skupštinu opštine i Sresku skupštinu iako niste norveški državljanin. Strani državljani rođeni pre 1.1.1994. godine imaju pravo glasa ukoliko su u protekle tri godine, pre datuma izbora, imali kontinuirano prebivalište u Norveškoj.
2. Dan izbora je 12. septembar. Mnoge opštine imaju takođe izbore 11. septembra.
3. Svim biračima biće poslani birački kartoni sa obaveštenjem gde i kada mogu glasati.
4. Na dan izbora se mora glasati u opštini u kojoj imate registrovano prebivalište na dan 30. juna 2011. godine.
5. Sve do zaključno 9. septembra može se glasati unapred u bilo kojoj opštini.
6. Pogledajte [www.valg.no](http://www.valg.no) za više informacija ili se obratite opštini kako bi ste dobili prevedene informacije.
7. Ponesite Vašu legitimaciju!
8. Svi koji imaju pravo glasa preko pokusnih opština mogu glasati preko Interneta na [evalg.stat.no](http://evalg.stat.no). Morate da budete registrovani kao korisnik MinID i tamo da imate registrovan broj Vašeg mobilnog telefona.

Af soomaali

1. Xaq cod-dhiibasho ayaad u lahaan kartaa doorashada golaha degmada iyo doorashada golaha degaanka gobolka labadaba inkastoo aadan haysan dhalashada Norway. Dadka haysta dhalashada dalalka kale ee dhashay wixii ka horreeyay 1.1.1994, waxay leeyihiin xaq cod-dhiibasho haddii ay diiwaangashanayd inay Norway si xiriir ah u deggenaayeen saddexdii sano ee u danbeeyay ee ka horreeyay maalinta doorashada.
2. Maalinta doorashadu waa 12-ka sibtembar. Degmooyin badan ayaa doorashada qabanaya xataa 11.ka sibtembar.
3. Dhammaan dadka wax dooranaya waxaa horey loogu sii dirayaa kaar doorasho oo ay ku qoran tahay goobta iyo goorta ay codkooda dhiiban karaan.
4. Maalinta doorashada waa inuu qofku codkiisa ka dhiibtaa degmadii uu qofku 30.kii juun 2011 ka diiwaan gashanaa inuu deggan yahay.
5. Ilaa iyo 9.ka sibtembar wuxuu qofku codkiisa horey uga sii dhiiban karaa degmadii uu doono.
6. Warbixin intan ka badan ka eeg [www.valg.no](http://www.valg.no) ama la xiriir degmada si lagu siiyo warbixin turjuman
7. Qaado aqoonsi!
8. Dhammaan dadka leh xaq cod-dhiibasho ee ku nool mid ka mid ah degmooyinka tijaabada ka qaybqaadan aya waxay codkooda ku dhiiban karaan internetka iyagoo isticmaalaya boggaan [evalg.stat.no](http://evalg.stat.no). Waa inaad ka diiwaangashanaataa MinID islamarkaana aad halkaas ka diiwaangelisaa lambarka teleefoonkaaga gacanta.

Tiếng Việt

1. Bạn có thể có quyền bầu cử trong cuộc bầu cử hội đồng công xã và nghị viện tỉnh, cho dù không có quốc tịch Na Uy. Người có quốc tịch nước ngoài sinh trước ngày 1.1.1994 có quyền bỏ phiếu nếu như người đó đã được đăng ký sinh sống liên tục tại Na Uy trong ba năm cuối trước ngày bầu cử này.
2. Ngày bỏ phiếu là ngày 12 tháng chín. Nhiều công xã cũng tổ chức bầu cử ngày 11 tháng chín.
3. Tất cả các cử tri được gửi thẻ cử tri để thông báo nơi chôn và khi nào cử tri đó có thể bỏ phiếu.

## Türkçe

4. Trong ngày bầu cử cử tri phải bỏ phiếu tại công xã mà cử tri đó đã đăng ký cư ngụ ở thời điểm ngày 30 tháng sáu năm 2011.
  5. Trước và trong ngày 9 tháng chín, cử tri có thể bỏ phiếu trước tại bất cứ công xã nào.
  6. Để biết thêm thông tin, hãy xem trang [www.valg.no](http://www.valg.no) hoặc liên lạc với công xã để được dịch thông tin.
  7. Hãy mang theo giấy chứng minh!
  8. Tất cả những ai có quyền bỏ phiếu tại các thị xã đang thí điểm bầu cử, có thể bỏ phiếu qua mạng internet [evalg.stat.no](http://evalg.stat.no). Bạn phải đăng ký là người sử dụng MiniD và đã đăng ký số điện thoại di động ở đó.
1. Norveç vatandaşı olmamanıza rağmen Belediye Meclisi ve İl Genel Meclisi seçimlerinde oy kullanma hakkınız olabilir. 1.1.1994 tarihinden önce doğumlu olan ve yurtdışı vatandaşlığı bulunanlar, seçim gününden önceki son üç yıl boyunca Norveç'te aralıksız olarak kayıtlı ikamet halinde bulunmuşlarsa oy verme hakları bulunmaktadır.
  2. Seçim günü 12 Eylül'dür. Bir çok belediyede 11 Eylülde de seçim olacaktır.
  3. Bütün seçmenlere nerede ve ne zaman oy kullanacakları bilgilerini içeren seçmen kartları gönderilecektir.
  4. Seçim günü, 30 Haziran 2011 tarihinde hangi belediyede ikametiniz kayıtlı ise oyunuzu orada kullanmalısınız.
  5. En geç 9 Eylül'e kadar herhangi bir belediyede önceden oy verme işlemini gerçekleştirebilirsiniz.
  6. Daha fazla bilgi için [www.valg.no](http://www.valg.no) internet sayfasına bakınız, veyahut çevirisi yapılmış bilgiler için belediye ile irtibata geçiniz.
  7. Kimlik belgenizi yanınızda bulundurun!
  8. Pilot bölgelerde oy verme hakkı olan herkes [evalg.stat.no](http://evalg.stat.no) internet sayfasında oy verebilir. MiniD'de kullanıcı olarak kayıt yaptırmalı ve cep telefonu numaranızı vermelisiniz'.

## Русский

1. Вы можете обладать правом голоса в муниципальных и губернских выборах, несмотря на отсутствие норвежского гражданства. Иностранцы граждане, родившиеся до 1.1.1994 г., имеют право голоса при наличии регистрации по месту жительства в Норвегии в течение последних трех лет до дня выбора.
2. Выборы назначены на 12 сентября. Многие коммуны также проводят выборы 11 сентября.
3. Всем лицам с правом голоса высылается карточка избирателя с информацией о месте и времени проведения выборов.
4. В день выборов голосовать нужно в той коммуне, где избиратель зарегистрирован по месту жительства на 30 июня 2011 года.
5. По 9 сентября включительно имеется возможность предварительного голосования в любой коммуне.
6. Более подробная информация на сайте [www.valg.no](http://www.valg.no). Обращайтесь в администрацию коммуны для получения информации в переводе на Ваш язык.
7. Имейте при себе удостоверение личности!
8. Все избиратели, проживающие в одной из коммун, проводящих пробное голосование в Интернете, могут отдать свой голос на сайте [evalg.stat.no](http://evalg.stat.no). Для этого необходим статус пользователя системы MiniD с регистрацией в ней Вашего номера мобильного телефона.

## Polski

1. Nawet jeśli nie jesteś obywatelem norweskim, możesz mieć prawo do głosowania w wyborach do rad gminy i regionu. Obywatele obcych krajów, urodzeni przed 1.01.1994 r., mają prawo do głosowania, jeśli byli zameldowani na pobyt stały w Norwegii przez nieprzerwany okres trzech ostatnich lat przed dniem wyborów.
2. Wybory odbędą się dnia 12 września. W wielu gminach wybory odbywają się też 11 września.
3. Wszyscy wyborcy otrzymają pocztą karty wyborcze z informacją, gdzie i kiedy mogą oddać głos.
4. W dniu wyborów głosuje się w gminie, w której było się zameldowanym na stałe dnia 30 czerwca 2011 r.
5. Do dnia 9 września można głosować przedterminowo w dowolnej gminie.
6. Więcej informacji uzyskać można na stronie [www.valg.no](http://www.valg.no) lub zwracając się do gminy z prośbą o przetłumaczenie informacji.
7. Weź ze sobą dowód tożsamości!
8. Wszystkie osoby uprawnione do głosowania w jednej z gmin objętych eksperymentem mogą głosować przez Internet na stronie [evalg.stat.no](http://evalg.stat.no). Musisz w tym celu być zarejestrowany jako użytkownik MiniD i musisz zarejestrować tam numer Twojego telefonu komórkowego.

1. قد يحق لك التصويت في انتخابات المجالس البلدية و انتخابات مجالس المقاطعات على الرغم من عدم تمتعك بالجنسية النرويجية. يحق لمواطني الدول الأجنبية الذين ولدوا قبل 01.01.1994 أن يصوتوا في الانتخابات إذا كانوا مسجلين كمقيمين في النرويج على نحو متواصل في السنوات الثلاث الأخيرة السابقة ليوم الاقتراع.
2. يوم الاقتراع هو 12 سبتمبر (أيلول)، ولكن يمكن التصويت في 11 سبتمبر أيضا في بعض البلديات.
3. تُرسل إلى كل واحد من الناخبين بطاقة انتخابية فيها معلومات حول زمان ومكان التصويت.
4. يجب على الناخب في يوم الاقتراع أن يصوت في البلدية التي كان مسجلا فيها كقيم بتاريخ 30 يونيو (حزيران) 2011.
5. يمكن للناخب أن يصوت بشكل مبكر في أية بلدية يريد لغاية 9 سبتمبر (أيلول).
6. من أجل الحصول على المزيد من المعلومات زُر موقع الانترنت [www.valg.no](http://www.valg.no) أو اتصل بالبلدية لتقوم هذه الأخيرة بترجمة المعلومات لك.
7. خذ معك وثيقة إثبات شخصية!
8. يمكن لكل الناخبين الذين يحق لهم التصويت في واحدة من البلديات التجريبية أن يصوتوا باستخدام الانترنت عبر الموقع [evalg.stat.no](http://evalg.stat.no) يجب أن تكون مسجلا كأحد مستخدمي خدمة MinID وأن يكون رقم هاتفك الجوال مسجلا لدى هذه الخدمة.

عربي

1. اگر چه شما تابعیت نروژ را ندارید ولی میتوانید در انتخابات شورای شهر و یا شورای استان شرکت کنید. شهروندان خارجی که به مدت سه سال پیوسته در نروژ زندگی کرده باشند و متولد قبل از 94/01/01 باشند، می توانند در انتخابات شورای شهر و یا شورای استان شرکت کنند.
2. روز انتخابات 12 سپتامبر است، ولی در بسیاری شهرها از روز 11 سپتامبر رای گیری را شروع میکنند
3. به همه کسانی که دارای حق رای هستند کارت انتخابات فرستاده میشود که در آن اطلاعاتی در مورد زمان و یا محل رای گیری درج شده است.
4. در روز انتخابات، رای دهنده در شهری میتواند رای دهد که تا قبل از 30 ژوئن 2011 در آنجا مقیم و در اداره ثبت احوال آن شهر ثبت شده باشد.
5. حداکثر تا روز 9 سپتامبر رای دهنده گان می توانند در رای گیری پیش از موعد مقرر شرکت کنند.
6. برای اطلاعات بیشتر به سایت اینترنتی [www.valg.no](http://www.valg.no) ویا به شهرداری مراجعه کنید تا اطلاعات ترجمه شده را به دست بیاورید.
7. مدرک شناسائی عکس دار یادتان نرود!
8. همه کسانی که حق رای دارند و در شهرهائی که رای گیری اینترنتی را بطور آزمایشی انجام می دهند می توانند از طریق سایت اینترنتی [evalg.stat.no](http://evalg.stat.no) در انتخابات شرکت کنند، شما و شماره تلفن شما باید بعنوان استفاده کننده در MinID ثبت شده باشید.

فارسی

1. خواه از نارویجن شهری نه بون، اب کو بلیاتی حکومت کے انتخابات اور کاؤنٹی پارلیمنٹ کے انتخابات میں ووٹ ڈالنے کا حق حاصل ہو سکتا ہے۔ 1.1.1994 سے پہلے پیدا ہونے والے غیر ملکی شہریوں کو ووٹ ڈالنے کا حق حاصل ہے بشرطیکہ وہ انتخابات کے دن سے قبل پچھلے تین سال سے لگاتار ناروے کے رجسٹرڈ رہائشی ہوں۔
2. انتخابات کی تاریخ 12 ستمبر ہے۔ کی بلیات میں 11 ستمبر کو بھی انتخابات ہو رہے ہیں۔
3. سب ووٹروں کو ووٹنگ کارڈ بھیجا جائے گا جس پر لکھا ہوتا ہے کہ وہ کہاں اور کب ووٹ ڈال سکتے ہیں۔
4. انتخابات والے دن اب کو اسی بلدیہ میں ووٹ ڈالنا ہو گا جہاں 30 جون 2011 کو اب کی رہائش رجسٹرڈ تھی۔
5. 9 ستمبر تک اب کسی بھی بلدیہ میں پیشگی ووٹ ڈال سکتے ہیں۔
6. مزید معلومات کیلئے [www.valg.no](http://www.valg.no) دیکھیے یا بلدیہ سے رابطہ کر کے ترجمہ شدہ معلومات حاصل کریں۔
7. شناخت نامہ ساتھ لے کر جائیں!
8. آزمائشی منصوبے میں شامل بلیات میں ووٹ دینے کا حق رکھنے والے سب افراد [evalg.stat.no](http://evalg.stat.no) پر انٹرنیٹ کے ذریعے ووٹ ڈال سکتے ہیں۔ اس کیلئے ضروری ہے کہ اب MinID یوزر کے طور پر رجسٹرڈ ہوں اور اپنا موبائل فون نمبر وہاں رجسٹر کرنا چکے ہوں۔

اردو